



Arbeiderpartiet



**Sande
Arbeidarparti
2023 - 2027**

Vi ♥ Sande

Ein god oppvekst varer heile livet

Barn og unge er ein svært viktig ressurs, og derfor bør kommunen satse høgt for å gi ein trygg, meningsfylt og lærerik oppvekst.

Sande Arbeidarparti vil følgje ei raus og solidarisk line i utforminga av oppvekstpolitikken. Dette kan vi først og fremst få til ved å sørge for mange nok og kompetente vaksne i barnehage og skule. Vi vil hjelpe dei som av ulike årsaker treng ekstra støtte i oppveksten og vi skal arbeide for at laget rundt barnet vert styrka slik at færre unge fell utanfor arbeid og samfunnsliv.

Sande Arbeidarparti skal:

- Sikre at skule og barnehage i Sande har ei ramme og form som gjer at komande born får ein god stad å lære og ein god stad å vere.
- I tett samarbeid med ungdomane, det kommunale og lag og organisasjonar vil vi prioritere møteplassar for ungdom, også på tvers av bygdene.
- Sørge for at aktivitetar som er retta inn mot barn og unge vert prioritert og at vi får på plass ordningar som gjer at alle skal få delta på fritidsaktivitetar uavhengig av økonomisk bakgrunn.
- Halde fram med, og vidareutvikle dei gode tiltaka som til dømes ungdomsarbeidar og frivilligsentral.



Bulyst, gode tenester, samarbeid og trivsel.

Sande Arbeidarparti skal vere ein pådrivar for bulyst, gode tenester, samarbeid og trivsel. Det er viktig at vi må halde fram med å utvikle dei gode tiltaka som skjer i kommunen vår. I samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar skal vi saman gjere Sande til ei endå betre kommune å bu i.

Sande Arbeidarparti vil at vi på ytre søre Sunnmøre kan samarbeide meir om dei sakene som påverkar oss, dette kan vere arbeidsplassar og tenester. For at innbyggjarane i Sande skal ha det best mogleg, og ha ein meir attraktiv bu og arbeidsregion, så må vi søke samarbeid med nabokommunane våre der vi kan.

God helse og livskvalitet for alle

Høg livskvalitet oppnår ein mellom anna når einskildmennesket opplever å ha innverknad på eigen livssituasjon. Sande Arbeidarparti vil prioritere omsorg og helse høgt, og gje folk i Sande kommune trygge og gode kommunale tenester.

Sande Arbeidarparti har eit særlig fokus på at fagmiljøet innan rus og psykiatri vert styrka, og at vi følger den nasjonale politikken med å ha eit ekstra fokus på førebygging.

Vi vil arbeide for at innbyggjarane skal kunne vere heime lengst mogleg. Vi vil at alle skal vere sikra trygge og gode kommunale tenester, med eit individuelt tilpassa behandlings og omsorgstilbod. Der innbyggjarane har tilgang på til dømes tannlege, ergoterapeut og psykolog.

Sande Arbeidarparti vil prioritere tilhøva for dei eldre høgt. Vi vil ta dei eldre med på råd, vi vil byggje gode samarbeid med tanke på den ressursen dei eldre utgjer. Sande Arbeidarparti vil både kommunalt og at ein gjennom frivillige lag og organisasjonar legg til rette for betre samarbeid med dei eldre, slik at dei kan vere til samfunnsnytte og få eit meir meningsfylt liv.



Sande Arbeidarparti skal:

- I samarbeid med det frivillige bidra til aldersvennleg samfunn og god psykisk helse for eldre gjennom fleire kulturelle, sosiale og fysiske aktiviteter og møteplassar for eldre.
- Dei som vert råka av demens, og deira pårørande skal verte tekne vare på.
- Ha eit særleg fokus på å styrke fagmiljøet innanfor rus og psykiatri i kommunen, vi må sikre at både born og vaksne får eit godt tilbod.
- Jobbe for at heile Sande skal vere universelt utforma. Alle innbygarane våre skal ha tilgang på kommunale bygg.

Levande bygder

Sande Arbeidarparti skal vere ein pådrivar for bulyst, gode tenester, samarbeid og trivsel. Sande kommune skal vere ei god kommune å bu i heile livet, der vi har gode tenester som tek vare på alle som bur i kommunen vår.

Vi skal i samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar, halde med å utvikle dei positive tiltaka som skjer i kommunen vår. Vi ynskjer å bygge vidare på dei kulturelle røtene og tradisjonane som folket i Sande kommune er kjende for og legge til rette for nyetableringar gjennom utbygging av bustadområde i alle bygdelag.

Det er viktig at vi held fram med å vere ein pådrivar for å knyte heile Sande tettare saman ved å halde fram arbeidet for fastlandstilknytning for Sandsøy og Kvamsøy og Rovdefjordsambandet. Samt auke standard og tryggleik på det ferjemateriell som i dag vert nytta for fastlandet og spesielt øyane i Sande kommune og sjå på ulike måtar å knytte Gurskøya tettare til Sandsøya og Kvamsøya.

Sande Arbeidarparti skal:

- Sørge for gode kommunale tenester gjennom likebehandling og høg standard.
- Sikre at vi har byggeklare tomter i alle bygdelag og satse på å etablere fleire utleigebustadar i heile kommunen. Legge til rette for at dei som skal etablere seg for fyrste gong får eit butilbod.
- Vere ei god pendlarkommune, opningstidene til sfo og barnehage må vere tilpassa dei som pendlar.



- Halde fram med å vere ein pådrivar for å knyte heile Sande tettare saman.
- Gi frivillige organisasjonar betre rammer både økonomisk og administrativt.
- Arbeide for at Timeekspresen skal gå via Eiksundsambandet.
- Vere ein pådrivar for at Sande kan gjere seg betre nytte av synergieffekt av Stadt skipstunnel gjennom dei moglegheitene som det kan gi til dømes innanfor turisme.

Foto: Håkon Vestnes

Skape arbeidsplasser og eit seriøst arbeidsliv

Sande kommune skal vere ein god arbeidsgivar som involverer dei tilsette i viktige prosessar og tek i vare dei tilsette sine rettar. For Arbeiderpartiet er eit aktivt trepartsamarbeid avgjerande for å styrke tenestetilbodet. Vi ynskjer å skape fleire arbeidsplassar, inkludere fleire som vert ståande utanfor og prioritere å få unge inn i aktivitet, utdanning og arbeid, for eksempel gjennom NAV-ung prosjekt.

Sande Arbeidarparti skal vere ein pådrivar for å at vi på ytre søre Sunnmøre kan samarbeide meir om dei sakene som angår oss alle. Skal vi klare å stå i mot den stadige sentraliseringa av tenester og arbeidsplassar så må vi stå saman. For at innbyggerane i Sande skal ha det best mogleg, og ha ein meir attraktiv bu og arbeidsregion, så må vi søke samarbeid med nabokommunane våre der vi kan.

Sande Arbeidarparti skal:

- Trygge eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for god næringsutvikling og befolkningsvekst.
- I lag med næringslivet, lag og organisasjonar skal vi halde fram med å utvikle heile Sande.
- I samhandling med kommunane rundt oss skal vi styrke Ytre Søre som ein handelsregion.
- Vi må mellom anna ha operative hamner og kaier i heile kommunen.
- Auke satsinga på reiseliv som næring.



- Legge til rette for primærnæringar innan landbruk og fiskeri, og sjå på kva vi kan gjere for å verte meir sjølvforsynte, mellom anna gjennom å satse på dei som ynskjer å produsere i små produksjonar, og legge til rette for at dei kan selje varene i nærleiken.
- I samhandling med kringliggande kommunar vil vi etablere ope kontorfellesskap for å gi gründarar og små bedrifter eit betre tilbod.
- Samarbeide med kommunane rundt oss for å få fleire offentlege arbeidsplassar her på ytre Søre.

Foto:Odd Kåre Wiik

Klima og natur - ramma rundt all politikk

Sande Arbeidarparti tek utfordringane med miljøet på alvor. Sande har ein rikdom som vi må nytte, fjell og kyststripa vår er viktig for innbyggjarane i kommunen.

Friluftsliv har stor eigenverdi for den einskilde, og gjev god folkehelse. Vi vil forvalte natur på ein måte som gjev både nolevande og framtidige generasjonar høve til naturopplevingar. Forvaltning av ressursar med levande gardsbruk er ein viktig ledd for å pleie landskapet i Sande.

Sande Arbeidarparti skal:

- Vere avvisande for etablering av vindmøllerparker i fjellområda våre.
- Sikre eit auka fokus på klima og miljø og vere ein pådrivar for å ha god avfallshandtering både for lokale og turistar.
- Støtte og samarbeide med dei som legg til rette for turstiar.
- Gjennom eit målretta arbeid skal vi legge betre til rette for at mjuke trafikantar kan ferdast trygt.

Foto: Karoline Helland Worren



Viktige gjennomslag frå 2019 - 2023:

Ut av Robek
Ungdomsarbeidar
Frivilligsentral
Sandetunutbygging
Storehaugen
Kai i Gjerdsvika
Ny samfunnsbåt
Betre fergefrekvens
Utbygging av øvre Haugelia
Oppgradering av alle kyrkjebygga
Auka satsing på barn og unge
Trafikktryggingplan
Oppstart regulering Vik-Sætre
Styrking av helsestasjonen
Livsgledeheim



Våre kandidatar

1. Camilla Auflem Vik

2. Geir Torsvik
3. Kirstine Pettersen
4. Unny Haugen
5. Anne Lise Johansen
6. Marthe Longva Strandbakken
7. Eli Rekdal
8. Sara Fugledal Wiik
9. Ronny Prozenko
10. Egil Johan Rovde
11. Toril Urkedal

12. Solveig Sandvik
13. Rebekka Vikene
14. Kari Myklebust
15. Frits Longva
16. Tor Egil Gulbrandsen
17. Kim Sætre
18. Oddbjørn Husøy
19. Sjur LongvaStrandbakken
20. Sunniva Nupen Nyhagen
21. Natalie Strandebø
22. Jostein Stokset